



Tippetue Arkitekter As
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8472 - 23/3875

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
25.01.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 212/132 Eikanger øvre

Tiltak: Etablering av næringsområde delfelt KBA4
Byggjestad: Gbnr: 212/132
Tiltakshavar: Nordhordland Næringspark As
Ansvarleg søkjar: Tippetue Arkitekter As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.11.2022. Det går fram av søknaden at tiltaket omfattar sprening og planering av KBA4, vidare opparbeiding av veg V1 og interne vegar innanfor delfelt KBA4, VA-leidningsnett og etablering av støttemur mot eigedomen gbnr 212/3.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert situasjonsplan
Innsend situasjonsplan viser ikkje planlagte tiltak i tilstrekkeleg grad. Situasjonsplanen må visa arealet som skal planerast, plassering av mur langs grenselinja mot nordvest, byggegrense, veg V1 og fortau, avkøyrslar, vegar innafor delfeltet. Plassering av interne murar slik nemnd i søknaden må også framgå av situasjonsplanen dersom dei skal inngå i søknaden.
Situasjonsplanen må målsetjast. Avstand til nabogrense skal visast.
2. Utanomhusplan i samsvar med føresegn 1.2, som skal gjera greie for infrastruktur, avkøyrslar, terreng, parkering og parkbelte.
3. Supplerande teikningar som viser
 - Lengdesnitt av støttemur mot gbnr 212/3. Det må også gjerast greie for utforming/materialbruk.
 - Dokumentasjon som viser plassering og utforming av eventuelle andre murar innanfor delfeltet må sendast inn dersom dei skal inngå i søknaden, jf. opplysningar i følgjeskrivet til søknaden.

- Tverrprofil for lengdesnitt A og for veg V1.
 - Planeringshøgda for delfeltet må gjevast opp ved kotehøgde og førast på teikningane.
4. VA-rammeplan for kvart delfelt, jf. pkt. 1.4.1.
Mottatt dokumentasjon viser vass- og avløpsleidningar som skal etablerast i veg V1 slik godkjend i teknisk plan for vatn og avløp byggetrinn 2 godkjend i sak 21/4927. Etablering av vass- og avløpsleidningar innanfor delfeltet er ikkje vist på mottatt teikningsdokumentasjon og må gjerast greie for.
 5. Det er opplyst i søknaden at vegnett innanfor delfeltet inngår i tiltaket. Vi kan ikkje sjå at vi har mottatt dokumentasjon som viser plassering og utforming av desse.
 6. Massehandteringsplan. Søknaden gjev berre opplysningar om mellombels plassering av massar. Planen må gjera greie for massebalanse i prosjektet (mengde og type massar), og deponering av eventuelle overskotsmassar, jf. pkt 1.4.1.
 7. Ansvarsrettar. Veg V1 inngår i tiltaket, men vi kan ikkje sjå at veg V1 er tilstrekkeleg ansvarsbelagt. Det same gjeld ansvar for vass- og avløpsleidningar som skal etablerast. Nødvendige ansvarsrettar må liggja føre seinast ved søknad om igangsetjingsløyve.

Vi gjer i denne samanheng merksam på at det er erklært ansvar for V1 i sak 22/8470 som gjeld opparbeiding av delfelt KBA3. Dersom V1 skal inngå i tiltaket på KBA3 må omfanget av søknadane endrast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **01.03.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Kopi til:

Nordhordland Næringspark As Sandviksbodene 5 5035 BERGEN

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter As Sandviksbodene 5 5035 BERGEN